




# INVITASJON

til deg som føresett til elev på 7. trinn

Foreldretreff med barne- og ungdomspsykolog  
Kirsten Holtmon Resaland om sosialt samspel



Mot slutten av barneskulen melder det seg ofte nye problemstillinger i forhold til barns sjølvforståing og sosiale samspel med kvarandre. Korleis kan du som forelder forstå barnet ditt i denne perioden? Kva slags dilemma står ein ofte oppe i som forelder? Kva kan vaksne gjere når det er sosialt vanskeleg i ei gruppe, til dømes med konflikthar, krangling eller utestenging? Og korleis kan ein som forelder gjere barnet sosialt robust og klar for ungdomsskulen? Dette er nokre av spørsmåla Kirsten vil svare på i dette foredraget.

Kirsten er psykologspesialist og forfattar, og ho er også fagleg rådgjevar for Sterk&Klar. I 2020 ga ho ut ungdomsboka "Helt Ærlig om hvordan vi henger sammen" med legespesialist Astrid Nylander Almaas, ei bok som har vunne Riksmålsprisen og er gitt ut i fleire land. No i 2024 har ho gitt ut "Snakk til meg!", ei bok til vaksne med konkrete innspel til kva som skapar tryggleik i samtalar med ungdom. Kirsten er ein utruleg engasjerande foredragshaldar som krydrar foredraga sine med mange morosame anekdotar. Ho har halde foredrag for tusenvis av ungdommar og vaksne over heile landet.

Alle føresette bør få med seg dette foredraget i Sterk&Klar. I etterkant av foredraget legges det opp til at foreldra kan snakke om tematikken i grupper. Det er eit godt høve til å bli kjent med dei andre foreldra og prate om foreldrerolla, klasse- og oppvekstmiljø, og overgangen til ungdomsskulen.

**BRYNE OG HOGNESTAD SKULAR – TYSDAG 19. NOVEMBER KL. 17.00-18.30**

**STAD: BRYNE SKULE, STORE AULA**

**TREFFET BLIR ARRANGERT AV SKOLEN OG FAU I SAMARBEID MED STERK&KLAR**

Her kan du melde deg på:

[Foreldretreff for Bryne og Hognestad skular 7. trinn - Sterk & Klar - IOGT \(sterkogklar.no\)](https://sterkogklar.no)

Velkomen!